

## Referat møte i SMU og SU Vinjar skule 18.09.23

Måndag 18.september 2023

Personalrom Vinjar skule

Til stades: Rektor Laila Røkenes. For dei tilsette: Dagfinn og Åse. For FAU: Kjersti (leiar), Ole Martin (nestleiar), Fråfall: Anne (foreldrerepr.). Elevrådet: Serina, Øystein og Astrid. Levekår: Åsmund Bakka (SP).

Skrivar: Kjersti

Sak 01-2023/2024: Sakslista vart godkjent slik ho låg føre

### Saker skulemiljøutvalet (SMU):

Sak 02-2023/2024: Skulemiljø

- Rektor orienterte om framgangen i saka om «gamingrom» på Vinjar. Skulen fekk tildelt 30 000kr i fjor. Det er nå bestilt inn PS2 og nokre spel (samarbeidsspel og konkurransespel). Planen er å ominnreia musikkrommet og setja i gang nå i haust. Målet med «gamingrommet» er at dette skal nyttast i undervisningssamanheng for motivasjon og tilrettelegging for elevar og klassar som treng det. Vidare vil det vil også bli investert i skjermar og Nintendo switch. Det vil også bli søkt om ytterlegare midlar, for å kunne kjøpe PCar (søknadsfrist i november). Det er ønskeleg med samarbeid med lokale lag/organisasjonar, slik at «gamingrommet» også kan nyttast på fritida. Det skal alltid vera vaksne til stades i «gamingrommet».
- Elevrådet orienterte om aktivitetar som kan bidra til eit godt skulemiljø på Vinjar: Øystein informerte om kva som var populære aktivitetar i friminutta på skulen. Astrid forklarte kva Trivselsleiar (TL) er: 2 elevar frå kvar klasse (frå 4.-7.kl) er valt som TL. Går på TL-kurs og arrangerer TL-aktivitet i matfriminuttet på torsdagar. Serina orienterte om ulike trivselstiltak som blir gjennomført på skulen: felles turar, «trivselsdagar» med aktivitetar og felles lunsj, fadderordninga til skulen; kor 6.klasse-elevar er fadrar for 1.klasse-elevar.

Sak 03-2023/2024: Saker frå FAU

Kjersti orienterte om saker som gjeld barne- ungdomsmiljøet på Vinjar, som har vore oppe i FAU:

- Det har vore uønska hendingar på Osen i sommar og i haust, også ved skulen og i barnehagen. Korleis kan me stanse dette? Skapa rom for «kreativ aktivitet» og møtestader for barn og unge, slik at dei ikkje treng å øydeleggja bygningar, leikeapparat osv., eller koma i skade sjølv? Styrar i barnehagen vil møta i klassane på mellomtrinnet for å ta ein prat med dei. Det vil bli informert om på foreldremøte. Fau vil følgje opp saka utover i skuleåret.
- Mobilbruk – ikkje på skulen, men på fritida. Uønska hendingar og episodar. Dette påverkar skulekvardagen til elevane og kan gjera skulemiljøet utrygt. Det vil bli kalla inn til eit felles foreldremøte i haust for foreldre i 4.-7.kl. om temaet.
- Orientering om at Suldalsposten har vore i kontakt med Fau-leiar om arbeidet i forhold til lekser/leksefri skule sist skuleår. Det kjem sak i Suldalsposten.

- Fau vil også i år arrangere Aktivitetskveldar og Ope Hus for mellomtrinnet. Det er sett av tre kveldar nå i haust. Fau har søkt, og fått innvilga 8000 kr frå Sparebanken Vest, til å oppgradera utstyr: koketopp, karaflar til saft, musikkanlegg og discolys. Elevrådet må gjerne komme med innspel til desse kveldane, eller til anna dei ønskjer at FAU/foreldra kan bidra med /stelle i stand. Me vil at det skal vera kjekt, og at alle skal trivast med å veksa opp på Osen.

### **Saker samarbeidsutvalet (SU):**

#### **Sak 04-2023/2024: Innkjøp av skulebøker**

Det er kjøpt inn læreverk og skrivebøker til elevane, som er vurdert i forhold til kompetansemåla og ny Læreplan. Det er kjøpt skulebøker for totalt 150 000 kr. Dagfinn orienterte om kva bøker som er handla inn: 1.-4.kl: Samfunnsfag, Naturfag og KRLE, samt skrivebøker i Norsk og Matematikk. 5.-7.kl: Naturfag, Matematikk, Norsk og KRLE. Her manglar nå Samfunnsfag, men dette vil bli handla inn. I tillegg er det kjøpt engelskbøker (3.-7.kl). Vidare er det kjøpt ulike lisensar for «Smartøving» (matematikk), «Kor-artig» (støttemiddel til musikk), Abonnement til elevkanalen TV2 og NRKskole. Skulen har ein bevisst bruk av læringsbrett (bøker pluss brett).

#### **Sak 05-2023/2023: Saker frå Fau:**

- Kjersti orienterte om at Fau har laga og vedteke retningslinjer for å ivareta «gratisprinsippet» ved arrangement i regi av skulen/klassekontaktane/Fau. Desse retningslinjene ligg på skulen si nettside, og skal følgja Fau, klassekontaktane og skulen sitt arbeid vidare.
- Manglande fagkompetanse i praktiske og estetiske fag på skulen. Innspel frå foreldre; spesielt nemnt Musikk og Kroppsøving. Rektor orienterte om at dei har forsøkt å få til samarbeid med Kulturskulen, utan å lukkast. Det har vore etterspurt ein korleiar. Skulen har også meldt interesse for eit 10-vekers korprogram gjennom den Kulturelle Skulesekken (via Kulturskulen), men har ikkje fått svar på dette. Kjersti vil ta saka vidare til KFAU.
- Fau er engasjert i arbeidet kring saka om «Framtidas oppvekst i Suldal».

#### **Sak 06-2023/2024: Utviklingsarbeid skuleåret 2023/2024**

Rektor orienterte: Det er gode ressursar på skulen dette skuleåret. Har vore heldig med nyttilsette. Vikarsituasjonar er utfordrande: svært vanskeleg å skaffa vikarar.

- Leseopplæring: Ønskjer å heve lesenivået. Lese kartlegging gjennom Systematisk Observasjon av Lesing (SOL). Nyttar eit nettbasert læringsverktøy for intensiv lesetrening: Aski-Raski. Dette verktøyet er også bestilt på engelsk. Annette, Hege og Marta skal følgje opp dette arbeidet vidare, når rektor sluttar.
- Trygt og godt skulemiljø: samtaleteknikk. Kurs i korleis en kan gjennomføra gode samtalar med elevar og føresette, slik at det fremjar eit godt samarbeid, og trygt og godt skulemiljø.
- «Lean»: Skulen skal i gang med å nyttar arbeidsmetoden «Lean». Eit arbeidsverktøy/metode som skal skapa orden på huset, oversikt, rutinar, effektive og

gode arbeidsprosessar, flyt og sikra produktivitet, og hindra unødig ekstraarbeid i verksemdene. Heile kommunesektoren i Suldal skal nytta «Lean». Dagfinn, Marta-Brit og Hege skal på kurs i «Lean» i neste veke.

- Det er venta fleire ukranske elevar til skulen den kommande tida. Det følgjer ikkje ekstra ressursar med. Elevar frå 4.-7.kl. har ein frivillig tilbod om å følgja/delta i «Velkomstklasse». Rektor har søkt Intro.-tenesta om å få tilsett språkleg assistent til småskulen.

#### Sak 07-2023/2024: Overgangen i påvente av ny rektor

Laila er tilsett ved Vinjar skule til 1.okt., men har siste fysisk oppmøte denne veka. Skal etter dette ha ferie og flytte. Det er lagt planar for ei mellombels løysing fram til ny rektor er på plass. Søknadsfrist for 2.gangs-utlysinga er: 24.sept. Forhåpentlegvis kan ny rektor på plass januar 2024?

- Einingsleiar på Nesflaten Oppvekstsenter: Anne Marie Rabba skal ha ansvar for den økonomiske delen. Ho skal også ha personalansvar og oppfølging i særlege elevsaker.
- Hege (som i dag har 40 % administrativ stilling ved skulen), skal ta ein større leiarbit (mellombels auke i si administrative stilling). Ho skal ha ansvar for å leie trinnmøter og fagmøte, og vera digital støttekontakt. Ho skal leie arbeidet med innføring av «Lean» og framleis ha ansvar for å ordne med vikarar.
- Eli Marie har tatt over ansvar for SFO.